

Sjekkliste for regatta-ansvarleg på Ran Eintypeserie 2015

Dette dokumentet er meint som ei hjelp til deg som skal vera regatta-ansvarleg under Hjeltefjorden Eintypeserie 2015. Dersom du har innspel til dette dokumentet kan du ta kontakt med Kjell Magnus Økland på kjellmag@gmail.com / 95 04 67 39.

Seinast dagen før regattaen

Sjekka vêrmelding

Sjekka status på motor/drivstoff og anna teknisk utstyr på startbåten

Sjekka status på flagg, bøyer, tau og lodd

Les seglingsvedtektene for Hjeltefjorden Eintypeserie 2015 nøye

På dagtid regattadagen

Sjekka vêrmelding

(ved svært sterk vind: (< 13 m/s) vurderer og evt. kringkasta avlysning seinast kl. 14.00 via sms, facebook og regattaen sine nettsider)

Vera ute i god tid

Folk og utstyr som skal vera med i startbåten

Minst 2 personar

Minst 4 lodd

Minst 800 meter ilettau klar til bruk i stamp

(i verste fall må ein ha ilettau til 4 merker = ca. 800 m)

4 store blåser

Flaggline /strips / tape

Kniv / båtshake

Flaggstativ

Fløyte/tut/signalhorn/tåkelur til å laga lydsignal med

GPS

UTC-klokke

Kikkert

Kartplottar/ekkolodd (høve til å studera dybder)

Kappseglingsreglementet 2013-2016

Vannfast skriveblokk+penn

Kamera













VHF

Perm som inneheld:

Laminerte seilingsbestemmelsar

Laminert sjekkliste for regattaansvarleg

Fylgjande 13 flagg skal vera med i startbåten:

Flagg						
Namn på flagg	AP	Signalflagg N Signalflagg A	Signalflagg D	Signalflagg E	Signalflagg F	Signalflagg G
Vert brukt ved	Utsetjing	N over A: Alle seglasar er annullert. Ikkje fleire seglasar i dag.	Klasseflagg Yngling & Laser	Klasseflagg Express	Klasseflagg Melges	Klasseflagg F 18
Lydsignal	Opp: 2 lydsignal Ned: 1 lydsignal	Opp: 3 lydsignal	Opp: 1 lydsignal Ned: 1 lydsignal	Opp: 1 lydsignal Ned: 1 lydsignal	Opp: 1 lydsignal Ned: 1 lydsignal	Opp: 1 lydsignal Ned: 1 lydsignal
Flagg						
Namn på flagg	Signalflagg M	Signalflagg P	Signalflagg S	Signalflagg X	Fyrste likhetsteikn	Signalflagg V
Vert brukt ved	Erstattar merke	Klarsignal fyrste start	Avkorting	Individuell tilbakekalling	Generell tilbakekalling	Utleggjing av nytt kryssmerke pågår
Lydsignal		Opp: 1 lydsignal Ned: 1 lydsignal	Opp: 2 lydsignal	Opp: 1 lydsignal	Opp: 2 lydsignal Ned: 1 lydsignal	Opp: 1 lydsignal Ned: 1 lydsignal

Sjå òg forsatsen i kappseglingsreglementet!

Utpå kl. 1750-1815

- Vurdera baneområde 1 eller 2. Ha VHF på kanal 73.
- Leggja startmerke1 og kryssmerket.
- Leggja startmerke2. Legg fyrst startmerke2 godt til lo, la vind og straum virka før du eventuelt justerer mot le. For å oppnå god spredning på startlinja bør linja ha babord fordel. Lengda på startlinja bør vera lik samla lengda av båtane i den mest talrike klassen, oftast vil dette seie ca. 50-60 meter.

Kl. 1820-1825



- Klargjera flagg, lydutstyr, klokke, diktafon og skrivesaker

Kl. 1825

- Sjekka startlinja, om linja er veldig skeiv kan ho evt. justerast.
- Posisjonera startbåten ved styrbord bøye. Avstand 10-20 meter.

Ca. Kl. 1829

- Gje tre korte lydstøt 15 sekund før startprosedyren byrjar.
















Startprosedyren

Første klasse har uansett klasseflagg + signalflagg P i startprosedyren.

Dagens andre, tredje og fjerde seglasar vert starta så snart som mogleg.

Startprosedyren kan difor byrja før siste båt er komen i mål.

Klasse	Signal	Tid	Flagg	Lydsignal	Klokkeslett 1. start
Yngling og Laser	Varsel	3 min	 opp	1 lyd	1830
	Klar	2 min	 opp	1 lyd	1831
	1 minutt	1 min	 ned	1 lyd	1832
	Start	0 min	 ned	1 lyd	1833
Express	Varsel	2 min	 opp		1833
	Start	0 min	 ned	1 lyd	1835
Melges	Varsel	2 min	 opp		1835
	Start	0 min	 ned	1 lyd	1837
F18	Varsel	2 min	 opp		1837
	Start	0 min	 ned	1 lyd	1839

AP		Opp: 2 lydsignal Ned: 1 lydsignal	Hugs at du uansett grunn kan utsetja starten, så lenge startsignalet ikkje er gått. Dette kan vera nyttig til dømes ved feil i startprosedyren. AP går ned med 1 lydsignal 1 minutt før ny prosedyre.
Individuell tilbakekalling		Opp: 1 lydsignal Skal henga i inntil 1 minutt, dersom ikkje tjuvstartande båtar går attende.	
Generell tilbakekalling		Opp: 2 lydsignal Ned: 1 lydsignal. Ny prosedyre 1 minutt etter.	(Dersom det er generell tilbakekalling i 1. start, forskyv du prosedyren for 2. start)

Under seglasane

Telja kor mange båtar som seglar. Løpande vurderer evt. avkorting. I forkant av at fyrste båt i klassen rundar eit merke, skal det vurderast om siste båt i klassen klarar å runda dette merket innan 10 minutt. Er svaret nei, bør avkorting vurderast. Ha i mente at vinden ofte minkar etter klokka 20.00. Det vert ikkje gitt varselsignal etter klokka 2030. Maksimaltid er klokka 2100. Fotografera, gjerne ved merkerundingar.

Ved avkorting


Planlegg avkorting i god tid!

Avkorting ved linja: plasser båten tilsvarande som under starten.

Avkorting ved merke 1: plasser båten slik det er vist på teikninga til høgre (båtane skal segla slik dei ville ha gjort dersom det ikkje vart avkorting).

Gje signal for avkorting = signalflagg S med to lydsignal saman med klasseflagg for dei klassane som skal avkortast. Dersom alle klassane skal avkortast, trengst ikkje klasseflagg.

Noter seglnummer og plassering. Noter evt. protestflagg og båtar som har brutt.



Ved målgang

Plasser båten tilsvarande som under starten.

Ha skrivesaker og diktafon klar.

Noter seglnummer og plassering. Noter evt. protestflagg og båtar som har brutt.

Etter siste målgang

Rydder merker. Unngå å kappe iletau.

Send resultatata til resultatansvarleg Kjell Magnus Økland kjellmag@gmail.com

Køyra til lands og fortøya startbåt.

På land

Lossa/rydda utstyr. Våte flagg må setjast til tørk!

Senda bilete til ranbilder@gmail.com så vert dei publisert på regattaens nettsider.

Dersom eitkvart manglar/må utbetrast til neste gong


Ring eller send epost om kva som må gjerast til Kjell Magnus Økland 95 04 67 39 / kjellmag@gmail.com

2 vedlegg

1: Dybdekart over baneområde 1

2: Dybdekart over baneområde 2

Vedlegg 1 – Dybdekart over baneområde 1



Vedlegg 2 – Dybdekart over baneområde 2

